



DEN NORSKE KYRKJA

Ikkornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikkornnes Sokneråd 06.05.2020

Ikkornnes kyrkje kl. 20.00.

Til stades: Ingmund Eliassen, Erlend Lunde, Magnar Vigstad, Janita K Eikemo, Ellen B Vatne, Anita Øvergård, Bergljot Hjortdal.

Sak 26/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen innvendinger.

Sak 27/20 Godkjenning av referat frå forrige møte

Godkjent.

Sak 28/20 Status Corona-tida

Restriksjonane lager mykje ekstraarbeid for heile staben, og det har blitt mykje koordinering. Vedr. Gudstenestene så er det brukt frivillige (ikke lønna) til å redigere saman programmet, derfor har kyrkja unngått å måtte leige inn folk til dette.

Vedr Drive-In Gudsteneste så fungerte dette heilt fint, no har vi fått eigen radiofrekvens til formålet.

Ved sorgsamtalar og andre liknande møter har kyrkjesal 1 blitt brukt.

Alle korøvingar er flytta til kyrkjerommet i Ikkornnes kyrkje.

Gravferder – det har vore maksantal med 20 personar, og så auka til 40. Har fungert greitt, og folk har vist forståing for situasjonen.

Vegen vidare: No er det auka til 50 stk, og det gir fortsatt litt utfordringer med korleis ein avviklar ei gudsteneste. Kanskje skal ein ha ei «tidlig-gudsteneste» for morgonfuglane (f.eks kl 9), og så ei til vanleg tid kl 11.

17. mai blir det igjen Drive-In ved kulturhuset. Sjork deltek med musikk.

Resultatet økonomisk vart det beste til no.

Sak 29/20 Fasteaksjonen 2020

Denne vart også litt amputert pga Covid-19. Aksjonen vart gjennomført digitalt, og for heile Sykkylven kom det inn ca kr 42.000.-

Sak 30/20 Ny (ekstra) varmepumpe montert nede i kyrkjestova.

Magnar og Harry-Ståle støypte fundamentet. Vi må få ei vurdering på andre tiltak som kan gjerast for å halde på varmen i dette rommet. Er det eit alternativ å tette igjen pipa? Det går mest sannsynleg ut ein del luft der...



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 31/20 Ny konfirmasjonsdato kjem i løpet av veke 19

Blir i september / oktober. For konfirmantane 2021 blir det starta opp med nettundervisning, og så vert det konfirmant-weekend i mars 2021.

Sak 32/20 Nytt keyboard til kyrkja

Dette har ankommt, og søknad om støtte vil bli sendt når Corona-tida gir seg. Janita ordner.

Sak 33/20 Diverse trengande vedlikehald i og rundt kyrkja

Vi hadde ute-dugnad 22. april og fekk rydda / klipt / luka og planta litt. Må ta eit tak i «bedet» under klokketårnet også ved anledning. Og sikkert sage ned litt småskog oppom kyrkja også.

Elles trengs det vedlikehaldsspyling på murar og trapper, samt at to støypete/skifertrapper held på å gå i oppløysing. Dette må bli fiksa. Spesielt nødutgangen frå kyrkjerommet er kritisk.

I tillegg må det malast siste rest i kyrkjekjellaren (oppe på veggene).

Sak 34/20 Flaggstang ved kyrkja

Dette er eit stort ønske for mange. Soknerådet tar det som eit prosjekt og kan prøve å søke Gjensidige om støtte.

Sak 35/20 Risikovurdering frå Møre Bispedømmeråd om situasjonen rundt Corona-viruset

Det kjem stadig nye retningslinjer, og disse blir sendt ut til sokneråda fortløpande. Vi må berre halde oss ajour.

Neste møte: Ikkje bestemt

Skrivar, Anita Øvergård